



# Velkommen til Familiehelg på Sogndal folkehøgskule 10.-12. juni 2022

NFU Vestland fylkeslag inviterer alle familiar med yngre born til ei helg i Sogndal. Vi vil ha fokus på det sosiale, bli kjent, dele erfaringar og gjere noko kjekt ilag. Vi set opp egne aktivitetar for søsken, over 12år. Saman lagar me ei fin og avslappande helg!

## **Aktivitetar i løpet av helga:**

Samling fredagskveld med informasjon og presentasjon. Laurdag føremiddag blir det fellestur på Fjordstien og aktivitet for søsken. Laurdag etter lunsj er det tur til Vesterland feriepark med badeland og leikepark, for dei som ynskjer å køyre til Kaupanger (kr.150 pr. barn, vaksne gratis). Søndag er det felles frukost fram til kl. 10.

Ved Folkehøgskulen vil vi disponerer to internat med totalt 58 rom:

**Fjellinternatet:** delt opp i 4 avdelingar. Alle rom har eige bad på rommet samt ein sovesofa. I 1. etasje finn ein 2 avdelingar som begge består av 2 dobbeltrom og 2 enkeltrom. Dette romma er rullestolvennlege. I 2. etasje er det 2 avdelingar som begge består av 3 dobbeltrom. På sovesofaen kan enten ein vaksen ligge eller 2 born (avhengig av alder).

**Hageinternatet:** 2 hus med til saman 8 avdelingar. Kvar avdeling består av 3 dobbeltrom med enkeltsenger og enkeltrom. Alle romma har ein vask på rommet, rett utanfor rommet delar ein på 1 bad, 2 wc og 2 dusjar. I kvar avdeling er det plass til max. 7 personar.

## **Andre fasilitetar på skulen som vi kan nytta er:**

**Hyggebygget:** Her er resepsjonen, matsalen der måltidene blir servert, spelerom med for eksempel bordtennis, airhockey, og ei stove ein kan sitte å slappe av i, pusle puslespel eller spele brettspel i. Dette bygget er tilgjengeleg for rullestolbrukarar, men det er diverre ikkje handikapp-toalett her. Det er svingdører (som går motsett veg) inn i matsalen, men om nokon held dørene er det ingen problem å komme seg inn her. Det er og rampe inn til dette bygget. Spelerommet er diverre i ein underetasje, elles er det andre på same etasje

**Felleshuset:** Dette bygget heng saman med Hageinternatet. I dette huset er det eit felleskjøkken med sitteplassar, slik at ein kan lage seg mat på eiga hand om det er behov/ynskje for det.

**Elles har me på tunet:**

Amfiet – her er det koseleg å fyre opp bål i ei bålpanne . Det er mange sitteplassar her så det er det plass til alle. Ein kjempe koseleg plass å samlast på kvelden.

Fotballbane

Sandvolleyball bane

Naust med brygge ved fjorden – her kan ein bade når det er flo.(obs, ikkje stupe). Naustet ligg rett attmed Fjordstien som er kjempe koseleg å gå langs.

**Desse måltida inngår:**

Fredag: Middag.

Laurdag: Frukost, varm lunsj og 2-rettars middag

Sundag: Frukost og ev. kaffi og kaker før avreise.

Me kan legge til rette for eventuelle allergiar, men dei må vera meldt til oss på førehand.

**Pakkepris per vaksen:** som vaksen vert rekna personar over 12 år, overnatting fredag – sundag og alle måltid

Dobbeltrum med bad: kr. 1 945

Dobbeltrum med felles bad kr: 1 545

Enkeltrum med bad kr. 1 275

Enkeltrum med felles bad kr. 1 345

**Pakkepris per born under 12 år:** kr. 930

enten på sovesofa på enkeltrum/dobbeltrum med bad, eller på dobbeltrum med 1 vaksen.

**Dersom heile familien, mor, far og born er medlem av NFU, vil fylkeslaget dekke opphaldet for born under 12 år.**

De skal ikkje betale ved påmelding, fylkeslaget vil sende ut faktura etter at påmeldingsfristen er gått ut.

Påmelding til [evy.utne.knutsen@outlook.com](mailto:evy.utne.knutsen@outlook.com) ved å sende inn skjema under.

## Påmeldingsfrist 20. mai

### Påmeldingsskjema:

Namn	Alder	e-post	telefon	Medlem i NFU

### Familien bestillar:

Antal enkeltrom med bad:	Må ha	Ønsker
Antal dobbeltrom med bad	Må ha	Ønsker
Antal enkeltrom utan bad		
Antal dobbeltrom utan bad		
Romma må vera HC-tilpassa		
Matallergiar eller anna vi må vite om		

Dei fleste vil nok ønske seg bad på rommet, nokon treng dette meir enn andre for at opphalde skal bli så bra som mogeleg.

	Ja	Nei	Kanskje
Ynskjer å delta på tur til Vesterland feriepark			

